



Til elevar på Vg1 idrettsfag hausten 2022

Ulsteinvik, juli 2022

Informasjon om val av matematikkfag

Det vert undervist i to ulike matematikkurs på Vg1. Begge kursa er på 140 timar gjennom året og begge er avsluttande etter Vg1, det vil seie at karakteren kjem på vitnemålet.

Matematikk 1T (T står for Teoretisk retta) er tenkt for deg som er spesielt interessert i faget og meiner at arbeidet går fint, eller veit at du får bruk for matematikk i vidare studie. Med 1T kan du gå vidare med matematikkurset **S1** (matematikk for samfunnsfag) det neste året her hos oss, eller du kan velje **2P** (sjå lenger nede i skrivet).

Matematikk 1P (P står for praktisk retta) er mindre teoretisk, og mange vil nok sjå på det som eit enklare kurs enn 1T. Dersom du tek 1P må du ta faget **2P** på Vg2. Dette gir «generell studiekompetanse» som betyr at du kan søkje på alle studie som ikkje har særskilde krav til matematikk.

Dersom du vil vite meir om kva som er det faglege innhaldet i dei ulike kursa finn du læreplanane på: www.udir.no, sjå «Læreplaner».

Dersom du lurar på kva krav til matematikk ulike studie stiller, eller kva fag som gir ekstra studiepoeng, kan du finne ut meir om dette på www.samordnaopptak.no

Gje melding om kva matematikkfag du vil ha på nettsida: skolestart.mrfylke.no

Karen Toppol

Avdelingsleiar realfag